

VI HAR FERDSELSRETT I UTMARK, MEN OGSÅ PLIKTER



I vårt land har vi ferdselsrett i skog, fjell og utmark. Retten har sitt utspring i gammel sedvanerett, men er òg nedfelt i lovverket, særleg i Friluftsløva. Men lovverket set også klare krav til oss som brukarar av naturen.

Ferdsel skal skje varsamt og ikkje føre til skade eller ulempe for eigar brukar eller andre som ferdast i naturen. Vi blir pålagt å ta omsyn til naturmiljøet, til plante- og dyrelivet og til å bevare ein rein natur, fri for støy og forureining.

Rettar.

Vi har rett til å ferdast fritt til fots og på ski, plukke bær og sopp og raste og overnatte i naturen.



Organisert ferdsel

Idrettstevlingar og anna organisert ferdsel som kan medføre nemneverdig skade eller ulempe krev grunneigars samtykke.

Tilrettelegging

All tilrettelegging i naturen som rydding og merking av stiar og løyper, bolting av klatrefjell ol. krev grunneigars samtykke.


Forsøpling

Ikkje legg igjen søppel og avfall, men hjelp til med å halde naturen rein.



Tenne bål

Vær alltid forsiktig med eld i skog og mark. Det er ikkje tillate å tenne bål i tida frå 15. april til 15. september.



Parkering

Vis omsyn når du parkerer bilen slik at du ikkje stenger vegen for naudsynt transport som tømmerbilar, traktorar og liknande. Bruk parkeringsplassane og parker utanfor vegbanen.

**VI ØNSKJER EIT GODT SAMARBEID MED EIGARAR OG ANDRE
BRUKARAR AV NATUREN!**

HELSING BØ TURLAG